Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Vegusdal

Emne: Lauving.

Bygdelag.

Oppskr. av: Andreas Ropeid

Gard:

(adresse): NEG.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Heimelsmann: Tellef Lunden, f. 1876 i Lunden og bonde der.

1. Dei lauva mykje før i tida. Då var det årvisst fôr, men T. L. kjenner ikkje til at nokon har lauva etter første verdenskrigen. Det var slutt med lauvinga før den tid til.

2. Dei lauva i håballen. På Lunden hadde dei svært skauslått, det vanlege var at dei slo ut august. Skauslåtten svarte seg betre enn lauvinga, så det kunne ikkje koma på tale å lauva nokon nemnande etter at slåtten tok til. Men det kunne hende at dei lauva ei osp og oppå høyet i bua i skogen. Det vanlege var at ein lauva osp. Men det var dei som tok ospelauv til sauen. Dei var få.

Det heiter å laue, lauing.

3. Ospa hogg dei ned, og så braut dei kvisten av. Dei som tok bjørkelauv, hogg ned treet og hakka lauvet av med ljåa. Lauvkniven vart ikkje brukt ved lauving men ved kylling

16594

og dei heitte kyllestokk.
Det tykkjest ikkje ha vore vanleg å ta lauv ved kylling. I Lunden står to planta asker (også skav) og dei er kylla, men det vart gjort for å pynta på trea. Men det var enkelte som kylla ved lauving.
Det vert ikkje ~~å~~ aktuelt med nokon reiskap til å höggja greinene ned med. Rispelauv er ukjent.
Dei hadde ikkje noko på handa når dei ~~banda~~ braut lauv.

4. Sjå ovanfor.
Det heiter å kylla, men T.L. har ikkje kjennskap til kor store trea må vera før ein kyller dei og heller ikkje kor ofte ein kan gjera det.
Risping er ukjent.
Kylletrær har ingen verdi som fôrtre.

5-6. Dei laga kjerv av ospekvistane. Kjervet bandt dei saman med ein bjørkekvist. Den kalla dei bendsel eller slikt.
Kjerva sette dei på rotenden og törka dei i skauen, i ei bu, heime rundt husa eller på låven eller som det høvde. Dei kunne gjerne stå i sola, og det var ikkje så farleg om det kom ei lita bøyje.
Dei rekna kjerva i desimalhundre, og T.L. kjenner ingen akkord ved lauving.
Resten av spörsmålet ukjent

7. Dei tok litt lauv i innmarka, serleg dersom dei tok bjørkelauv. Det veks nemleg bjørk i innmarka, men svært lite osp. Ospelauv tok dei difor i skogen.

16534

Mannfolka hogg, og kvinnfolka braut.

8. Lauvet blei lagt i löa eller i högbua på utmanslåtta. Det skulle helst liggja under höyet, då heldt det seg friskt og gröint. Det lauvet som låg i högbua, kjörte dei heim på snöen saman med höyet.

9. T. L. kjenner bare ospelauv.

10-15. Ukjent.

B.

1-9. Ukjent.

Dersom det var så at dei vart nöydde til å gi kua björkelauv, slo dei kokande varmt vatn over björkelauvet for å ~~so~~ möykja kvisten.